

GAMALT FRÅ EIKEMO

Åse Kari Eikemo Strømme

Stykket er henta frå "Gamalt frå Eikemo" som kom ut som ei julehelsing til slekt og vener frå Åse Kari Eikemo Strømme i 1995.

Den fyrste me kjenner med dette namnet er Gunbjørg Gulleiksdtr. Brekkhus f. 1654 frå Brekkhus Teigdalen. *Kjelde: Evangerboka del I.*

Ved gjennomgang av slektene på Brekkhus og Teigdalen, kan eg ikkje finna fleire med det namnet frå 1654 og fram til vårt århundre. Eg har ikkje gått inn i kjelder som kan visa noko om kven ho hadde namnet sitt etter. Gunbjørg vart gift med Knut Trefall f. 1680. Dei hadde sonen Jakob f. 1686, som så fekk dottera Gunbjørg f. 1732. Ho vart fyrst g.m. Ole Sylvfestson Arnetveit d.y. frå Vossestrand.

Gunbjørg Jakobsdtr. og Ole Arnetveit flytte til Langedalen i Mo sokn (då Hosanger) i 1758. Dei hadde sonen Olav f. 1757, som vart g.m. Marta Andersdtr. Grøsvik f. 1770. Dei budde i Grøsvik i Stamnes, og hadde dottera Gunbjørg f. 1798, som vart g.m. Nils N. Nipen, Mo i Hosanger.

Eine dottera til Gunbjørg og Nils heitte Brita f. 1824, og ho vart g.m. Johannes Monsson Nipen. Dei fekk dottera Gunbjørg f.1847 g.m. Rasmus J. Nipen. Eg finn ikkje meir om desse to.

Så går me attende til Langedalen, der Gunbjørg f. 1732 og Olav flytte til med barneflokk sin på fire. Olav dør i 1759, og Gunbjørg gifter seg oppatt 1760 med Ivar Larsson Eide f. 1735, Eide i Stamnessokna. Dei fekk i saman 4 born. Me skal fylgja vidare Ingeborg f. 1763 og Lars f. 1768.

Ingeborg Ivarsdtr. Langedal f. 1763 vart g.m. Johannes Knutsson Mo (gnr. 27 i Stamnessokna) f. 1751 d. 1813. Dei hadde dottera Gunbjørg f. 1797 g.m. Haldor J. Kallvik. Gunbjørg og Haldor budde fyrst i Kallvika, og flytte til Moa i 1838, der dei pakta halve garden. Det året døydde Gunbjørg. Haldor vart seinare buande med dei 6 borna deira på Kalland på plassen Svarteberget (bnr. 2). Han vart den kjende båtbyggjaren "Haldor på Berget", som det enno går gjetord om i Stamnessokna.

Gunbjørg og Haldor hadde som nemnt 6 born. Av desse levde berre 2 opp. Dottera Ingeborg f. 1834 vart g.m. skomakar Johannes Monsson Eikefet, som fekk skøyte på bruket 1885. Det er ei stor ætt etter dei, men eg har ikkje funne at dei har teke med seg Gunbjørg-namnet vidare i den slektsgreina.

Me går så enno ein gong attende til Langedalen og Gunbjørg Jakobsdtr. og 2.

ektemannen Ivar Larsson Eide. Sonen deira Lars f. 1768 vart brukar på Eide bnr.3, Larsastova. Lars f. 1768 var g.m. Brita Knutsdtr. Simmenes f. 1765 d. 1835.

Me skal fylgja to av borna deira vidare her: Ivar f. 1791 og Gunbjørg f. 1806. Ivar Larsson Eide vart g.m. Marta Ivarsdtr. Høvik f. 1795 på bnr. 4 Borte-luten. Dei døydde begge to ved drukningsulukke 11/12 1835. Det fortelst at dei kom roande frå Stamnes-kyrkja, og rodde elva oppover og for å leggja båten til under Stølabråtet. Då dei nærma seg land, reis den eine opp i båten, og på ei eller annor vis, kantra båten, og begge fall i elva. Det var så pass djupt der dei fall overbord, at begge to drukna. Dei såg berre kvithuva til ho Marta som flaut i elva.

Ivar og Marta hadde dottera Gunbjørg f. 1830. Ho vart g.m. Jon Andersson Myr, og dei vart husfolk i Elvik. Jon var truleg bror til Erik Myr, som vart eigar i Mellesdal 1859 bnr. 2. Far deira var Anders Monsson og mora Ingeborg Eriksdtr. Eide bnr. 1 f.1800. Eg finn ikkje meir om kvar det vart av Gunbjørg og Jon.

Me går attende til Gunbjørg Lartsdtr. Eide f. 1806 d. 1854. Ho vart g.m. Rasmus Andersson Eikemo f. 1801 d. 1881. I ætta etter dei er Gunbjørg-namnet nytta i fleire ættleder, som eg her vil ta for meg.

1) Sonen Anders f. 1827 d. 1907, som vart eigar av Eikemo 1881, var g.m. Brita Magnesdtr. Hesjedal f. 1825 d. 1912, hadde dottera Gunbjørg f. 1860 d. 1942. Ho var ugift, og vart etter sine unge dagar buande på Eikemo, der ho livnærte seg ved å strikka til folk, og hadde ei geit som ho slo til. Ho budde i Magnehuset saman med broren Magne. Ho Gunbjørg var svært hendig med nevane. I ungdomen budde ho ei tid på Askøy, der ho kjøpte seg ei vevmaskine, og prøve å livnæra seg ved å veva både i ull, lin og bomull åt folk. På ei utstilling som var i Bergen, fekk ho ei fingerbøll i sylv i premie for vevnaden sin. Ho spann garnet og vov sjøl bunadsstakken sin. Den skulle vera umåteleg fin i stoffet. Vevinga var lite å livnæra seg på, og så kjøpte ho seg strikkemaskina. Fyrst var ho hjå morfolket sitt på Eide og strikka til folk i Eidsfjorden. Sidan flytte ho heimatt til Eikemo. Kring 1920 veit me at ho budde i Magnehuset. Det var før det vart omvølt. Folk kom til henne med garn, og ho strikka underklede til kar og kvinnfolk, og sokkar både til born og vaksne. Strikkemaskina vart seinare overteken av Brita, bror-dotter hennar, og den står på plassen sin på lemman i Magnehuset den dag i dag.

Ho var også svært reinsleg, og svært nøyen på matlaginga. Serleg var ho flink til å få god smak på blodpysene, fortelst det. Ho Gunbjørg vart ikkje gift. Det vart ikkje noko meir med giftarmål for henne, etter at han "Ivar i Holo", Ivar Veo bnr. 5 reiste til Amerika. Det fortelst at dei var kjærrestefolk. Enno finst det på garden sylvskeia som han gav henne før han drog. I.V. står det inngravert på skaftet. Sidan vart han Ivar gift i Amerika, og i albumet etter ho Gunbjørg finn me biletet som han sende heim frå Amerika av dotter si. Det vert fortalt at ho Gunbjørg greidde ikkje tanken på å reisa til Amerika. Han måtte reisa utan henne.

Det går eit herme etter faren hennar om denne kjærasten som av og til for på friing. Ho Gunbjørg var umåteleg reinsleg, og ho skurde og vaska til alle tider. Ein dag tykte faren det gjekk for vidt. "Ka æ da du vaska fø i dag, Gunbjørg", spurde

han. "Eg vaska fø målen", svara ho Gunbjørg. "Å, - eg tenkje da æ fø Hålen", kom det frå han Anders, på den måten som berre han kunne seia det.

Ho Gunbjørg kunne lesa då ho var 5 år gamal. I karakterboka hennar frå 1870 - 1875 har lærar Lars Vassenden skrive: "Du Gundbjør har været meget flittig og opført Dig stille og godt. Jeg har derfor Håbet, at Du bliver en af mine flinkeste og beste Skolepiger, og jeg beder, at Gud vil altid give Dig et lydigt, lærevillig Sind. Møster. 22de Januar 1870. L.V. "

Ho Gunbjørg kunne fleire viser, som er nedskrivne av Johannes Leiro. Desse finst i bygdebokarkivet.

Broren hennar, Magne, var heile si tid ute på anleggsarbeid. Men når han var heime, budde han i Magnestova saman med Gunbjørg. Magnestova, eller Magnehuset, har fått namnet sitt etter han. Stova hadde tilhøyrt husmannsplassen "Idni Neset" under bnr. 1. No er det bnr. 3. Ho Helga i Neset, kona hans Olav Rasmussen, som var husmann, og bleiv i elva, budde der til ho døydde 1911. Han Magne grov kjellar under huset, og panelte av til kjøkken og kammers. Tidlegare hadde det berre vore standardverk og bordkledning, som i ei løa, utanfor tømmerstova. I Magneskjykkja var det eldhus m/gruve, og bakanfor skjykkja var utedoen. Han Magne braut stein, skaut og murte opp "Magnevegen", slik at det vart køyrande kjerreveg mellom Eikemo og Fethagen, som var ein tidlegare husmannsplass under garden Eikefet. Tidlegare hadde gangstien vore gjennom Øvstekleiva.

Her vil eg ta med historien om då ho Gunbjørg skulle safta. Ho var komen så langt at safta skulle silast og vridast opp. Dette var høveleg arbeid for sterke karanevar, og ho ba han Magne om hjelp. Han Magne bretta opp ermene, og knepte og vreid godt safta or bæra som var i silduken, før ho fekk sjå han til rettes. "Å bære meg." hogg ho Gunbjørg i, "eg trur kje karen ha vaska seg på nevana." "Hu, - hu", svara han Magne, "ein må no vel verta rein tå sore arbeid."

2) Lars Rasmussen Eikemo f. 1837, sonen til Rasmus og Gunbjørg ovanfor, kan det skrivast mykje om. Han vart g.m. Maria Johannesdtr. Leiro, og dei budde ei tid som husfolk på Eikemo. Hustufta, Larsafta, står att som eit minne om dei. Sidan flytte han med huslyden sin til Ørrvika i Evanger, og derfrå til Liland på Rødland i Arne, der han kjøpte seg eit bruk og sette opp ei vadmålsstampe i elva. Han bygde seg nytt hus der. Ei tid dreiv han eit sagbruk saman med broren Johannes oppe i Norda Isfjorden, austom Florø. Kona døydde, og borna for ein etter ein over til Amerika. Snart sat han att åleine på Liland. Det er vorte fortalt at garden og vassrettane sin selde han til ein veveribestyrar. På sine eldre dagar flytte han etter borna sine til Amerika. Han hadde mange born, og mellom dei var dottera Gunbjørg f. 1863, som har mange ætlingar etter seg i Amerika. Ho skreiv seg i Amerika for Jenny, og vart gift Birkeland. I slekta her i landet var ho mest kjend under namnet Gunbjørg Ørrvik. Då ho var 18 år gamal, gjekk ho amtskulen i Florø. Ho var ei skrivefør kvinne, og skreiv i Decoraposten. Ho var nærare 90 år då ho sende heim til slekta på Eikemo eit par fine tynne strikkevestar med gullborder

på, som ho sjølv nyleg hadde strikka. Ho skreiv brev heim til Eikemo like til ho nærma seg 95 år. Ho budde i La Canada i California.

3) Synneva Rasmusdotter f. 1834 d. 1918 vart g. 1861 m. Knut Rasmussen Vettlejord f. 1837 d. 1905. Dei hadde 6 born, og mellom dei var Gunbjørg f. 1864 d. 1962. Ho vart g. 1899 m. Johannes Brynjelson Nygard bnr. 4, Modalen.

4) Brita Rasmusdotter f. 1852 d. 1941 vart g. 1874 m. Jakob Olavsson Høvik bnr.1 f. 1849 d. 1930. Dei hadde 10 born, og mellom dei var Gunbjørg f. 1885 g. 1909 m. Simon Andersson Nese bnr. 1 f. 1881 d. 1938. Dei busette seg på Rødland i tidlegare Haus kommune, Arna sokn. Gunbjørg-namnet har fylgt vidare med etterkomarane deira. Sonedottera til Gunbjørg f. 1885 vart døypt for Gunbjørg, så her lever namnet vidare.

5) Olav Rasmusson f. 1844 d. 1894 vart g.m. Helga Johannesdtr. Høvik bnr. 3 f. 1844 - 1911. Dei budde på husmannsplassen "Idni Neset" på Eikemo og hadde 7 born. Av desse var det og ei jente som heitte Gunbjørg f. 1888 Ho vart kalla Vetla-Gunbjørg. Ho vart gift med fiskar Lars Vik, Skudesneshamn. Gjennom dotterdotra hennar lever namnet vidare.

Dette var "soga om" Gunbjørg-namnet på Eikemo. Brita-Eikemo f. 1893 var svært oppteken av dette namnet. Ho sa alltid, og kanskje med rette, "at høyrer de om nokon som heiter Gunbjørg, ja, så er dei ganske sikkert i slekt med oss." Det er vel ein heller svak påstand, - men kven veit kvar namnet kom frå før ho Gunbjørg på Brekkhus fekk det i 1664 ?

*Kjelder: Evangerboka del I
Modalsboka
Vaksdal bygdebok del III*

MINNE OM BESTEMOR

Åse Kari Eikemo Strømme

Ho Kari var den eldste i barneflokket til Siri og Olav Øvre Helland bnr. 1 i Modalen. Ho var fødd 27. oktober 1873. Som skikken var, laut ho tidleg ut i teneste, både som budeie og slåttetaus. Slik hadde det seg at ho også kom til Eksingedalen. Farsyster hennar, Maria, var vorten gift med enkjemann Mons Vetlejord, og barneflokket på Vetlejorda var stor. Eldste sonen hans Mons, han Olav, trong hjelp i huset og på slåtteteigen. Ho var i teneste hjå han i eitt år, og for dette fekk ho løn nok til å kjøpa seg ei symaskine for 100 kroner.

Nede på Hevika gjekk han Rasmus og såg seg om etter koneemne til Borteluten. Han hadde mykje slekt på Vetlejorda. Mor hans Mons, ho Hans-Brita, var frå Borteluten på Hevika, og var syster til bestefar til Rasmus, han Gamle-Ivar. Far hans Rasmus, Johannes, eller "Joans dar Heima" som han vart kallande, var frå det andre bruket på Vetlejorda. Slik kan ein tenkja seg at han Rasmus både titt og ofte gjorde seg ærende opp på Vetlejorda, og ikkje mindre etter at ho Kari frå Øvre Helland var komen dit. Korleis det enn var, så vart dei gifte i 1902, og 2 år etter fekk dei skøyte på garden.

Dei fekk etter kvart 4 born, Maria, Jarl, Signy og Oddny. Ho Kari fekk mykje å streva med. Ho hadde mykje som skulle stellast både inne og ute. I floren var det mykje beist som skulle stiaast og mjølkast. Før jentene hennar vaks til, måtte ho sjølv ta stølagonga, i tillegg til at ho måtte fylgja med alle stader på slåtteteigane i utmarka. Det var arbeid, arbeid, seint og tidleg.

Båe foreldra til Rasmus levde til 1929. Kari og Rasmus fekk eit stort og tungt kår dei skulle svara for. Dei måtte arbeida mest like mykje for kåret som til seg sjølve og barneflokket sin. Mor til Rasmus, Maria, fekk ein hofteskade, og vart mykje godt sengeliggjande. Ho døydde 5 år etter Johannes. Dei siste 7 åra måtte Kari stella henne. Ho kunne ikkje lengre bu åleine i kårhuset, men måtte flytta senga si opp i storastova til Kari og Rasmus. Senga hennar vart sett sengagavel mot sengagavel til ektesenga deira. Slik kunne ho Kari lett ha tilsyn med henne om natta, og gjeva henne den hjelpande handa ho til ei kvar tid trong. Ho Kari let aldri eit vondt ord om dette. Ho Maria, godmor, var heilt klår i sinnet, men fysisk hjelpalaus. Ho var eit uvanleg toluget og snildt menneske, fortel barneborna. Men det var ei stor omsorg ho Kari måtte ta på seg, i tillegg til alt det andre arbeidet.

No må det og seiast at ho Kari var uvanleg snøgg i arbeidslaget sitt. Det fortelst at når dei skulle i slåttene, ja så klauv ho alle snarvegar, for å koma fortast råd i gong med slåtten. Ho var så "snedden", fortelst det.

Rasmus døydde 1942, og Kari vart sitjande att åleine. I 1943 skøyte ho garden over til sonen Jarl. Eldste dottera Maria vart no buande heime i teneste hjå dei. Det var ho som mykje godt tok over arbeidet etter mora, som no var vorten sliten og lite god til å gjera så mykje. Men ho gav ikkje opp arbeidet. Ho var stendig med på slåtteteigen, og gjorde det ho makta. Like eins var ho med i floren og viska vondlar til kyrene. Ho putla med noko støtt, like til sjukdomen råka henne. Den dagen gjekk ho ute og slo i hagen. Ved middagsbordet såg dei andre at noko hadde skjedd med henne. Ho hadde fått hjernedrypp, og det klare sinnet hennar var borte. Det vart ikkje meir arbeid for henne etter den dagen.

Ho som hadde styrt og stelt arbeidet i hus og tun, og hadde stelt si sengeliggjande svigermor i mange år, vart no pleiepasient. No var det dottera Maria som måtte utføra det same tunge slitet som Kari hadde vore igjennom, dei neste 5-6 åra. Det står respekt av dette omsorgsarbeidet desse to kvinnene til kvar si tid la ned i heimen. Me skal minnast dei for dette. Ein dag i mars 1963 døydde Kari. Ho var nær 90 år gamal. Ho let etter seg 4 born, 4 barneborn og 5 oldeborn då ho døydde. Eit langt, strevsamt, men sikkert eit rikt liv var til ende.

SLIK MINNEST EG HO BESTEMOR

Den fyrste tanken som renn meg i hug når eg skal leita fram minne etter ho bestemor, er joleleistane. Seinhaustes gjorde me oss ærend rett som det var opp på Hevika til ho bestemor, for å sjå om ho hadde lagt opp leistabråt. Eg hugsar endå kor spanande det var å glytta under bordet, der spøtet hennar låg.

Var ho byrja på noko, eller var ho ikkje? Fekk me leistar til jol i år? Eg trur nok ho gøynde det unna for oss, men me var utkropne nok til å f inna det. Så var det å koma heimatt til ho mor, og fortel jau at me hadde sett eit leistaspøt på Hevika, med raude, blå eller grøne renner i - og det var heilt sikkert jolaleistane våre. Men kven av oss borna skulle få nett det eg hadde sett? Det var stor spenning jolafta. Den mjuke pakka frå ho bestemor fekk me opna straks etter at me var nybada og hadde fått nyekjolane på oss. Jau, der var dei – men det var ho vetlasyter som i år fekk nett dei med desse fine rennene i som eg hadde ynskt meg - ja, ja, neste år var eg sikkert den heldige. Dei var enten kvite eller gråe, med desse fine fargesprakande stripene. Garnet hadde ho bestemor spunne sjølv. Som oftaste var det trelagt.

Leistane var uslitelege. Det var berre under foten dei vart slitne. Bråtet og framleistane var like gode, og med nyspøta undergangar varde dei lenge. Ja, endå kan eg finna fram gamle leistar der ho bestemor har spøta bråtet. Fargane i rennene gjev meg i ein augneblink minne frå mi barndoms jolaftan, der ho bestemor med sine leistepar var med og gav oss glede.

Det var alltid stas å få reisa opp på Hevika til ho bestemor. Serleg var dette gromt i jola. Noko me som born hadde stor sut for når jola nærma seg, var om det

vart snø og sledeføre 2. joledag. Då skulle me i jolabesøk på Hevika. Som oftaste laga det seg med sledaføre. Han far måtte tidleg ut og gjeva hesten mat den dagen, slik at han var ferdig med å tyggja til me alle hadde benka oss på storsleden. Det vart sett på benkjer til sitjeplass. Kvitlar og frakkar vart funne fram til overbreitle, og me ungane vart godt pakka inn. Det var kaldt å køyra i trav oppover dalen langs elva. Hesten likte også den turen, og sprang fort når dei verste bakkane opp gjennom Idlefossen og Krakåsen mot Rekavika var unnangjort.

Jammen bar det til slik ein gong då bror min var liten og hadde benka seg bak på sleden, fall av oppe i Rekevika. Det gjekk ei stund før det vart merka at guten var borte. Dei måtte snu og på leiting etter han. Han kom fortunla tuslande til møtes med dei, kvit som ein snømann. Den dagen var det nok sikkert kjekt å koma inn i den store varme stova på Hevika, der heile huset lukta jol. Der stod det store joletreet, med dei store flagga i toppgreinane, med det gamle spiret, dei fine gamle jolekulene, blanke, med kvite roser og glitter på. Der var gamle lekkjer og korger som ho mor og hennar sysken hadde laga då dei var born. - Tenk dei hadde også vore småe. Der lukta det lutefisk og sosakjøtt med grønnerterstuing, og svikesupa. Der kom heile folket ut og tok i mot oss på trappa. Ho Vetlatante Oddny og Isak var heimkomne, og hadde spennande ting med seg frå byen. Ho bestemor sat nyfletta med kvitt forklede på seg og tok i mot oss. Me takka så mykje for leistane, og ho måtte få sjå om dei var passeleg til oss. Neste år måtte ho laga dei litt større, for no vaks me så fælt i føtene sa ho.

Dei vaksne, som ikkje hadde sett kvarandre på ei stund, fekk praten i gang. Det vart pratt om ver og føre, om problem dei hadde med gardsdrifta, om korleis det kunne laga seg med godt vinterføre til dei skulle i skogen, - og elles frette dei nytt. Alle jolakorta som var komne frå slekt og kjenningar vart lesne igjennom. Serleg vart det pratt om helsingane som var komne frå Modalen. Ho bestemor hadde frett nytt frå dei på Farestveit, dei i Neset og dei Otterstad. Og der var jolehelsing frå ho Inga og han Olav frå heimegarden på Øvre Helland. Frå Flatekval hadde ho frett nytt til jol frå ho Maria. Slik gjekk praten, og me borna lærde alle desse for oss ukjende namna å kjenna. Det vart snakka om dei på Farestveit, dei på Bakko og Troppo. I gjennomdei vaksne sitt prat, lærde me borna slekta vår å kjenna. Kven er det?, spurte eg ho mor. Jau, det er den og den, og så fortalde ho. Og me kom heimatt etter jolabesøket, og hadde høyrte om nye namn og slekta og hendingar. Det var ikkje berre ho bestemor, - men ho bestemor hadde ei stor slekt som budde langt bortanfor fjella. Tenk at ho gamle bestemor ein gong hadde vore lika liten som meg. Ho hadde vakse opp på ein stor og flat gard borte på Øvre Helland, og hadde mange sysken. Ei ukjend verd hadde me fått høyrte om.

Så var det om sommaren. Mesta kvar sundag sykla me opp til ho bestemor. Eg kan hugsa ho sat tett inntil radioen og lydda på preika. Då måtte me vera stille, eller rusla stilt or stova ut på tunet. Me tok oss ein rask tur på låven og leita etter kattungane, som ho tante Maria hadde fortalt oss om. Det var komne så og så mange. Ein var raud og kvit, dei andre var gråe og svarte, men ein, den aller

finaste var kvit og svart. Det sprang kattar til alle sider. Det kveste langs veggane oppe i løa. Me hørde berre kor dei sprang og gøymde seg. Dei var ikkje vane med oss, - berre til ho Maria når ho bar store skåler med mat til dei ute på tunet. Så vart me ropa inn til middag. Ho mor hadde sagt at me måtte koma heimatt å eta middag der, - men nei. Det smakte så mykje betre alt der oppe ved langbordet på det store kjøkenet hjå ho bestemor. Store glas med saft vart sette på bordet. Det var det same kva me fekk, men alt var like godt. Eg kjenner endå smaken av den gode kjøttpølsa, Hevikapølsa. Aldri har eg funne att den smaken nokon stad. Kanskje det var stemningen kring bordet, det store kjøkenet, med vindaugo fulle av potteplantar i alle fargar, med kvite stivra tyllgardin, blankskurte pannelok og gjøkuret på veggen, som var med å gav smaken til maten. Og midt i mot deg, rett over bordet hang biletet av kong Håkon. Der hadde han fått hedersplassen. Og vart ein lengre utover dagen, kom det nysteikte mjelkekaker på bordet.

Etter middagen skulle alle kvila. Det låg sundagsfred over tunet. Den dagen vart ingen ting utanom det mest naudsynte gjort. Det kunne henda at turrhøyet måtte i hus. Så leid det ut over ettermiddagen. Då vart radioen sett på, for no skulle det vera folkemusikk-halvtide. Den måtte høyrast. Ein gong kan eg minnast at han onkel Jarl gjekk ned i kårhuset og fann fram fela si. Eg ser han så godt for meg der han sit på lemman på sengestokken og spelar. Tenk at det var ikkje berre i radioen dei spelte slik musikk. Oppe hjå ho bestemor kunne nokon spela levande musikk.

Noko av det mest spanande var å gå bort i kjerrehuset der også utedoen med dei fire seta var. Der hadde dei også lagra alle gamle bøker og blad som var rydda ut etter ombygginga på lemmane. Å for ei verd som opna seg. Her fann eg gamle innbundne årgangar av Norsk Barneblad. Dei vart lesne frå perm til perm. Spanande forteljingar, - mykje kjekkare enn det enn det som vart skrive no. Så var det gamle skulebøker, og gamle skrivebøker frå ho mor si tid. Jammen måtte ho også læra seg å skriva fint. Og sandeleg hadde ho skrive ein stil. Kanskje eg kunne bruka han sjølv. Denne hadde heilt sikkert ikkje læraren min sett. Så var det gamle jolehefter. Alt dette var samla i store tønner. Eg tømde ut og sorterte. La noko fint på plass att, slik at eg hadde noko å lesa i neste gong. Noko ba eg fint om eg kunne få ta med meg heimatt. Gamle jolehefter og barneblad og Bygd og By vart surra fast bak på bagasjebrettet. No var eg rik - eg hadde lesestoff i fleire dagar.

Slik kan eg minnast og minnast. Ho bestemor må ha vore kring 75 - 80 år frå den fyrste tida eg hugsar ho. Ho var liten og samankrøkt, utsliten etter livets arbeid. Fingrane hennar var blåe og trutne, samankrøkte. Den breide gullringen hennar låg djupt inne i fingeren. Den sat fast der for alltid. Den unge jentehanda med dei tunne og rette fingrane var utsliten. Den hadde krøkt seg for mange år om arbeidsreiskapane. Dei utslitne hendene hennar minnest eg. Dei skal minna meg om ei dyktig kvinne som heile sitt liv sleit trufast dag og natt, helg og vyrke for sine næraste - mi eiga bestemor.